



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 24.11.2020

**Møtestad:** Teams (kantina på rådhuset)

**Møtetid:** 14:00 - 14:30

Forlenging av forskrift om Korona. (Varsel om møtet sendt på e-post 23. november)

| Møtedeltakarar               | Parti | Rolle        |
|------------------------------|-------|--------------|
| Per Lerøy                    | AP    | Ordførar     |
| Ann Kristin Leirvåg          | AP    | Medlem       |
| Monika Thorpe                | AP    | Medlem       |
| Hardy Pedersen               | AP    | Medlem       |
| Britt Mary Skaalevik Lerøy   | AP    | Medlem       |
| Inger Lise Brekke            | H     | Varaordførar |
| Morten Sognes                | H     | Medlem       |
| Aslak André Bakke            | H     | Medlem       |
| Helge Dyrkolbotn             | KRF   | Medlem       |
| Anne Dahle Austrheim         | KRF   | Medlem       |
| Randi Keilegavlen Dyrøy      | KRF   | Medlem       |
| Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn | SP    | Medlem       |
| Reidar Øksnes                | SP    | Medlem       |
| Lise Renate Helle            | SP    | Medlem       |
| Marita Terese Bru            | BIA   | Medlem       |

| Forfall meldt frå følgjande medl. | Parti |
|-----------------------------------|-------|
| Reidar Ulvøy                      | AP    |
| Rikke Heldal Hope                 | H     |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Rolle      |
|--------------------------|-------|------------|
| Idar Johan Hopland       | AP    | Varamedlem |
| Hege Ramsland            | H     | Varamedlem |

---

### Desse møtte frå administrasjonen:

Møtesekretær Ketil Tjore, rådmann Liv Løvvik, kommunelege Peter Kubon, kommunalsjef Thomas Lindås

---

Austrheim 26. november 2020

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>  |
|--------------|--|
| 108/20       | Godkjenning av innkalling og sakliste  |
| 109/20       | Godkjenning av møteprotokoll   |
| 110/20       | Forskrift om Korona-tiltak strengere enn dei nasjonale - gjeldande til 8. desember |

## **108/20: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **24.11.2020 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 108/20 - 24.11.2020 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **109/20: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **24.11.2020 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:  
Godkjenning av møteprotokollane vert utsett til neste møte.

### **KS - 109/20 - 24.11.2020 - Vedtak:**

Godkjenning av møteprotokollane vert utsett til neste møte.

---

## **110/20: Forskrift om Korona-tiltak strengare enn dei nasjonale - gjeldande til 8. desember**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek som forskrift dei tiltaka som Kommunal kriseleiing (KKL) har innført i dagens smittesituasjon. Tiltaka er tilnærma lik dei som er innførte i Bergen og dei næraste omegnskommunane, det største unntaket er at det er opna for 50 gjester i både gravferder og

gudstenester.

## **24.11.2020 KOMMUNESTYRET**

Smittevernoverlege Peter Kubon orienterte om saka.

Forskrifta som hadde utløpsdato 23. november vart av KKL forlenga med ein dag til 24. november. Så vedtok KKL ny forskrift den 24. november, og den kjem opp i kommunestyret i dag.

I Bergen har 6 av 8 bydelar nedgåande smittetal. For Vestland samla ser det ut for at dei omfattande tiltaka gir nedgang i registrert smitte. No har det dei siste dagane vore ein klar retning med nedgang på smittetalet, men det er for tidleg å letta på tiltaka. Ein del av tiltaka er omdiskuterte, nokre av dei går nok relativt langt, men det er rimeleg å ligga på linje med det som Alver ligg på. Ser at det er hensiktsmessig å vidareføra dei tiltaka me har, men med denne endringa om at det er OK med to på besøk.

Håpet er at med redusert smitteførekost framover i desember hjelper til at ein kan letta opp på dette særst strenge regimet. Endringar no opnar for besøk, og gjer sitt til at fleire kan leva med tiltaka. Har som før opna for at det kan vera 50 gjester i gudstenester, dette har ikkje gitt problem.

Har testa 970-980 så langt. Talet på smitta er nok litt utfordrande å forstå, men det kjem av folk flyttar litt inn og ut av kommunen. Står med 14 smitta sidan mars, men har nok vore over 20 smitteførande.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er naudsynt å halda fram som no. Heller inngripande tiltak no enn mykje meir smitte rundt oss. Gjer dette i eit forsøk på å redde jula. Synest det er rett å ha det same tiltak som Bergen og omegnskommunane. Som tilsett ved AVS takka Dyrkolbotn legekantoret for uvurderleg hjelp med smittesporing og informasjon i samband med at skulen har hatt fem smittetilfelle.

Inger Lise Brekke (H) viste til at Gulen kommune har lagt seg på det same som nasjonale retningslinjene, der ein kan ha fem gjester i tillegg til husstandsmedlemmene. Viste til at ho også var kritisk ved vedtak av den førre forskrifta.

Kommunelege Peter Kubon viste til at med den smitten ein har hatt, inkludert gjestearbeidarar, har det vore mange ulike smitteveggar inn, inkluderer over kommunegrensene med skuleelevar. Har ikkje det høgaste smittepresset, men ikkje det lågaste heller samanlikna med andre kommunar i Vestland. Mange smitteveggar inn, det gjev grunn til å skjerpa inn tiltak,

Rådmann Liv Løvvik sa at når ein reknar inn den eskalerande effekten denne smitten har, så må ein jobba for å få ned smittetalet ned mot 1,06. Har sjølv vore kritisk til avgrensinga for besøk, men no er det opna for besøk på to sjølv i familiar som er fire eller fleire. For kommunen kan det bli kritisk med smitteauke no, med tanke på at det ikkje er så mykje å gå på med bemanning innan helse, der det er utfordringar med sjukefråvær.

Løvvik sa vidare at kommunen vil nytta seg av Røde Kors sine mannskap for å informera om smitteverntiltaka, og dela ut munnbind med meir. Kommunen dekkjer kostnadene med dette, og det er meint å vara ut julehandelen.

Inger Lise Brekke (H) sa at dette har vore fagleg kontroversielt også, og viste til striden i Bergen. Brekke sa at ho er samd i tiltaka med unntak av avgrensinga av maksimalt fem i heimen. Spurte om ein kjenner smitteveggar for alle dei smitta.

Peter Kubon sa at ein ikkje kjenner til så mange som er smitta person til person, men kjenner ikkje

smitteveg for alle. Spørsmålet for strategien framover er for kor mykje ein skal knipa til. Det er rett at den siste oppblomstringa ikkje er i heimane, men ved den vidaregåande skulen Inger Lise Brekke (H) spurte om kvifor Austrheim skal vera strengare enn Gulen, når dei er medlem av same bu- og arbeidsregion. Gulen ligg på FHI sine krav.

Liv Løvvik sa at i Austrheim er det mest pendling mot Alver og Bergen, som er dei plassane der ein kan ta med seg smitte.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at tilreisande gjestearbeidarar utgjer 10-15 prosent av folketalet, og at Austrheim har 320-340 gjestearbeidarar til ei kvar tid med bupel i kommunen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at slik han ser det er det to framlegg, KKL sitt opp mot Inger Lise Brekke (H) som ønskjer ei endring der FHI sine tal gjeld for familie/besøk. Det vart røysta ved at desse to vart sette opp mot kvarandre.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak vedteke mot ei røyst, Inger Lise Brekke (H).

#### **KS - 110/20 - 24.11.2020 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek som forskrift dei tiltaka som Kommunal kriseleiing (KKL) har innført i dagens smittesituasjon. Tiltaka er tilnærma lik dei som er innførte i Bergen og dei næraste omegnskommunane, det største unntaket er at det er opna for 50 gjester i både gravferder og gudstenester.

---